



Demensaksjonen 2018 vert gjennomført i dag. måndag, frå kl. 17. Ut- og innleving av bøsser er i Gamleskolen. (Arkivfoto 2017)

I dag kl. 17 startar årets demensaksjon i Uskedalen i regi av Helselaget. Nytt i år er at jenter frå fotballen er med som bøsseberarar. Innsamlinga dei siste åra og oppnådd eit resultat rundt kr. 22.000,- I tillegg kjem det som mange sender sentralt eller betaler på Nasjonalforeningen, Hordaland, sitt Vippsnummer 221612.

Den årlege demensaksjonen er eit fast tiltak i Uskedal Helselag. I dag mellom kl. 17 og 19 skal alle få ein bøsseberar på døra med innsamling for ei viktig sak. Ny kunnskap dei siste fem åra om demens og korleis sjukdomen utviklar seg har ført til optemisme og von fram framtida.

I det siste medlemsbladet Hjerte og Hjerne les vi om studier som avdekkjer nye gener som kan knytast til demens. Professor Ole Anderssen har i ti år forska på demens og arv. Dersom ein kan identifisera dei genetiske risikofaktorane for demens, er det mogeleg å førebyggja og utsetja eit stort antal demenstilfelle.

Heile 35 % av alle demenstilfelle kan førebyggjast. Difor er det viktig å vita meir om arveleg risiko og på den måten setja inn tiltak som utset sjukdomen. Professoren fortel at berre dei siste fem åra har det kome mykje ny og sikker kunnskap.

Difor er den årlege demensaksjonen viktig og kvar helselag og kvar ein bøsseberar er med på eit stort arbeid for å skaffa midlar til meir forskning, som igjen er avgjerande for å setja inn tiltak og finna ei løysing på denne folkesjukdomen.

Tekst//nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland